



Arkivnr: 2015/898-99

Saksbehandlar: Marianne Ose Askvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		02.06.2015

Driftsstønnad til fylkesfemnande barne- og ungdomsorganisasjonar 2015

Samandrag

Hordaland fylkeskommune fordeler driftstilskot til fylkesfemnande barne- og ungdomsorganisasjonar. Hordaland Barne- og ungdomsråd (HBUR) bidreg til opplysning av saka og forslag til fordeling.

For 2015 er det 1 559 000 kroner til rådvelde. Det var 35 organisasjonar som søkte, der seks organisasjonar ikkje er innstilt på støtte.

Grunntilskot	20%	311 800	10 752 pr. organisasjon
Medlemstilskot	30%	467 700	28 664 tal på medlemmer totalt
Fritt tilskot	50%	779 500	

Forslag til vedtak

Kultur og ressursutvalet vedtek følgjande driftstilskot til fylkesfemnande barne- og ungdomsorganisasjonar, totalt 1 559 000 kroner, etter vedtekne retningslinjer - slik:

De unges orkesterforbund Hordaland	47 081
Ung i Kor Vest	56 112
Ung Kirkesang	52 275
Hordaland barne- og ungdomssjakkrets	50 404
Hordaland Røde Kors Ungdom	88 838
Hyperion Vest	79 128
Bjørgvin Krets av KFUM/KFUK speidere	54 426
Haugaland Krins av KFUK/KFUM	34 638
Hordaland Krins av NSF	70 372
Ryvarden Krets av NSF	42 601
CISV	55 937
Jeger og Fiskeforbundet Hordaland	60 182
Bergen og Hordaland Turlag	151 652
AUF	35 820
Unge Høyre	35 984
Unge Venstre	30 366

Sosialistisk Ungdom	27 329
Hordaland Senterungdom	28 387
Bjergvin KFUK-KFUM	73 314
Frelsesarmeens Barn og Ungdom	44 750
Bergen Søndagsskolekrets	52 373
Karmsund Søndagsskolekrets	46 683
ACTA - Barne og Unge	42 580
Indremisjonssamskipnaden Sunnhordaland	39 186
Haugland Krets av KFUK/M	34 552
Hordaland Ungdomslag	57 851
Juba kretsen	40 224
Hordaland 4H	62 053
Hord. Kr. av DFS	63 904

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 11.05.2015

Ansvar for saksførebuinga ligg til Kultur- og idrettsavdelinga. Hordaland barne- og ungdomsråd (HBUR) bidreg til opplysning av saka i førebuingssfasen, jfr. forvaltningslova §17. HBUR har lang erfaring og høg kompetanse på feltet. I sak 12/11 frå møtet 22.02.2011 vart HBUR si rolle framstilt som følgjer:

1. *Søknadar til ordninga vert sendt til fylkeskommunen v/Kultur- og idrettsavdelinga innan 1.mars 2011.*
2. *Kopi av søknadane vert oversendt til HBUR som - innan eigen organisasjon og egne vedtekter - utgreier og handsamar sakane i samsvar med retningslinjene frå fylkeskommunen. Etter at styre har ferdighandsama sakane vert ei skriftleg innstilling med grunngjeve forslag til fordeling oversendt fylkeskommunen ved Kultur- og idrettsavdelinga. Fylkesrådmannen legg frem saka for Kultur- og ressursutvalet som fattar endeleg vedtak i saka.*
3. *Kultur- og idrettsavdelinga gjennomfører utbetaling av tilskota.*
4. *Kultur- og idrettsavdelinga gjennomfører kontroll med ordninga i samarbeid med HBUR.*

Denne saksgangen vert gjeldande for 2015.

For åra 2011-2014 har administrasjonstilskotet på 10% av tildelinga vore overført som del av driftstilskotet til HBUR. I sak 13/2015 vedtok Kultur- og ressursutvalet at dette og vert gjeldande for 2015.

Lokallag eller distriktsorganisasjonar som er tilslutta fylkeslag kjem ikkje inn under ordninga. Det er utarbeidd eiga rettleiing til organisasjonane. Hovudprinsippet er at staten skal stø organisasjonar og tiltak på nasjonalt plan, fylkeskommunane på fylkes- eller regionalt nivå, medan kommunane har ansvaret for lokallag og lokale tiltak.

For å vera kvalifisert til stønad, må organisasjonane stetta følgjande grunnkrav:

- Ha lokallag i minst 3 kommunar i Hordaland fylke.
- Ha minst 50 medlemmer totalt i Hordaland fylke, med rett til stønad.
- Følgjande medlemsdefinisjon gjeld: Som medlem reknast dei som har betalt kontingent i løpet av føregåande kalenderår og var under fylte 26 år ved siste årsskifte.

For 2015 er det 1 559 000 kroner til rådvelde. I sak 13/2015 vedtok Kultur- og ressursutvalet at følgjande retningsliner skal gjelde for 2015:

1. *Den totale summen for stønad til frivillige organisasjonar for barn og unge vert delt i tre "pottar" etter følgjande nøkkel:*
 1. **Grunntilskot**, likt for alle organisasjonar: 20%
 2. **Hovudstønad**, stønad per medlem under 26 år: 30%
 3. **Fri pott** til skjønsmessig fordeling: 50%
2. *Ein organisasjon må for å vera kvalifisert for stønad, stetta følgjande krav:*
 1. *Ha aktive lokallag i minst 3 kommunar i Hordaland fylke.*
 2. *Ha minst 50 medlemmer totalt i Hordaland fylke, med rett til stønad.*
 3. *Medlem under fylte 26 år må utgjere hovuddel på medlemstal i organisasjonen.*
3. *Følgjande medlemsdefinisjon gjeld: Som medlem reknast dei som har betalt kontingent i løpet av føregåande kalenderår og var under fylte 26 år ved siste årsskifte.*
4. *Det vert ikkje gjeve stønad til organisasjonar som har kommersielle aktivitetar som sin hovudaktivitet.*
5. *Det vert ikkje gjeve stønad til organisasjonar som har diskriminerande innhald i sine vedtekter og aktivitetar.*
6. *Det vert ikkje gjeve stønad til organisasjonar med idrett som hovudaktivitet.*

7. *Søknadsfrist er 1. april kvart år, og søkjar må nytte elektronisk søknadsskjema.*
8. *Hordaland fylkeskommune skal ha høve til å kunna ta stikkprøvekontrollar av oppgjevne medlemstal.*
9. *Ved grove feil i søknaden har Hordaland fylkeskommune mynde til å trekkje all støtte til organisasjonen. Stønaden blir også trekt dersom ein organisasjon ikkje møter til avtalt tidspunkt for kontroll.*
10. *Ein organisasjon kan ikkje motta til ei kvar tid meir enn 10% av den totale fordelingssummen.*
11. *Organisasjonar som mottek driftsstøtte frå denne ordninga skal ikkje motta anna driftsstøtte frå fylkeskommunen, med mindre det gjeld konkrete samarbeidsprosjekt.*

For punkt 3. «Fri pott» vedtok Kultur- og ressursutvalet i sak 13/2015 at følgjande kriterier vert vektlagt i vurderinga:

- *Tal på lokallag*
- *Aktivitet i organisasjonen*
- *Organisasjonens opne verksemd overfor ikkje-medlemer*
- *Nytenking*
- *Kostnader med arrangement.*
- *God økonomisk kontroll og gjennomføringsevne*

I sak 60/2015 vedtok Kultur- og ressursutvalet ei førebels justering av retningsline der delpunkt 3 under punkt 2, «*Medlem under fylte 26 år må utgjere hovuddel på medlemstal i organisasjonen*», vert gjeldande frå 2016. Fylkesrådmannen vil kome attende med ei sak om retningslinene for denne driftstilskotsordninga.

HBUR leverte sitt forslag til fordeling til Kultur- og idrettsavdelinga 5.mai 2015.

For 2015 var det 35 organisasjonar som søkte innan fristen 01.04.15. KRFU sendte inn vedlegg til Hordaland barne- og ungdomsråd 14.04.15 men har ikkje sendt inn søknad, eller vedlegg, til Hordaland fylkeskommune. Organisasjonen er difor ikkje handsama til vurdering av driftsstønad for 2015. KRIK Hordaland sendte inn søknad, utan vedlegg, til Hordaland fylkeskommune 27.04.15 og er difor ikkje handsama til vurdering av driftsstønad for 2015.

Seks av organisasjonane som søkte innan fristen er ikkje på lista over fordeling av driftsstøtte. Dette gjeld følgjande:

1. *Hordaland Natur og Ungdom:* Har berre lokallag i Bergen kommune. For å vera kvalifisert til stønad må organisasjonane m.a. stetta grunnkrav om å ha lokallag i minst 3 kommunar i Hordaland fylke. Søknaden frå Natur og Ungdom er difor ikkje handsama til vurdering av driftsstønad for 2015.
2. *Midthordland Indremisjon* har diskriminerande innhald i sine vedtekter og søknaden er difor ikkje handsama til vurdering av driftsstønad for 2015, jf. retningsline punkt 5. Paragrafen det gjeld er som følgjer:

§ 7 *Åndeleg tilsyn*

 - a. *Krinsleiar, formann og ein vald styremedlem er åndeleg leiarskap for krinsen. Desse har eit særleg hyrde- og læreansvar og skal difor vera menn.*
3. *NLM Region Sør-Vest* har diskriminerande innhald i sine vedtekter og søknaden er difor ikkje handsama til vurdering av driftsstønad for 2015, jf. retningsline punkt 5. Innhaldet i paragrafen det gjeld er som følgjer:

§ 5.0 *Regionstyret*

5.1

(...) *Kun menn kan velges til formann og nestformann. (...)*

4. *Nordhordland Indremisjon* har diskriminerande innhald i sine vedtekter og søknaden er difor ikkje handsama til vurdering av driftsstønad for 2015, jf. retningsline punkt 5. Innhaldet i paragrafen det gjeld er som følgjer:

§ 5 *Krinsstyret*

b. (...) *Formannen blir vald av årsmøtet for eitt år, og skal vera mann. (...) Styret vel seg imellom nestformann, som skal vera mann.*

5. *NLM Ung Region Vest* har diskriminerande innhald i sine vedtekter og søknaden er difor ikkje handsama til vurdering av driftsstønad for 2015, jf. retningsline punkt 5. Innhaldet i paragrafen det gjeld er som følgjer:

§ 4.0 *Regionstyret og regionleder*

4.1

(...) *Regionstyrets medlemmer må ha fylt 18 år og kun menn kan velges til styreleder. (...)*

6. *UL Idun (Ungdomslaget Idun)*: Har berre lokallag i Lindås kommune. For å vera kvalifisert til stønad må organisasjonane m.a. stetta grunnkrav om å ha lokallag i minst 3 kommunar i Hordaland fylke. Søknaden frå UL Idun er difor ikkje handsama til vurdering av driftsstønad for 2015.

Søknadene fordeler seg i ulike kategoriar. Det er utarbeidd ein oversikt over desse, men denne inndelinga må berre takast som ein indikator. Nokre av organisasjonane kan plasserast i fleire av kategoriane:

Song og musikk: 3

Humanitære- og fritidsorganisasjonar: 3

Speiderar, leir og friluftorganisasjonar: 7

Partipolitiske organisasjonar: 5

Livssynsorganisasjonar: 7

Samfunnspolitiske organisasjonar: 4

I vedlegget har fylkesrådmannen gitt ein indikasjon på grunnen til tildeling/avslag. Det viktig å ikkje ta kvar enkeltkommentar som ei fyldestgjering forklaring/grunngeving for tilsegn/avslag, men som moment i ei heilskapleg vurdering opp i mot kriteria og samla søknadsbunke.